



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Miljøarbeidar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har ledig 100% fast stilling frå medio desember.

Stillinga gjeld tenesteyting til brukar med nedsett funksjonsevne som bur i eigen bustad.

### Kvalifikasjonskrav

Meland kommune treng deg som kan gi individuelt tilpassa teneste av høg fagleg kvalitet til ein ung brukar med omfattande behov.

Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar som gode samarbeidsevner og lojalitet til aktuelle avtalar.

Det er også svært viktig med relevant arbeidserfaring med menneske med nedsett funksjonsevne.

### Vi tilbyr

Godt arbeidsmiljø - gode kollegaer.

Mange utfordrande, fagleg stimulerande oppgåver, jamleg møteverksem og oppfølging frå spesialisthelsetenesta.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 10.11.2016

Utlyst dato 18.10.2016

Vårref

606/16

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimetenester, tlf: 56171210, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no